

**Fra:** Tore Johan Erstad  
**Sendt:** onsdag 23. august 2023 15:20  
**Til:** e-edv@online.no  
**Emne:** Edwardsdal-Elvik Hjortevald

Hei, Eirik Edwardsdal

Eg viser til din e-post sendt 18. juli 23 der det er oppmodinga om at «kalvar tildelte på løyve vert endra til vaksne dyr» og at valdet vert tildelt «ekstra dyr». Vidare vert det vist til e-post frå kommunen med tilbod om fri kalveskyting til jaktvaldet.

Kommunen ser ikkje grunnlag for å kunne imøtekomme oppmodinga om endring av tildelinga eller ekstra dyr. Kommunen trekk ikkje i tvil opplysningane frå dykk om beiteskadar og dykkar erfaring med at det er trong for å redusera hjortestamma. Situasjonen er likevel slik at Osterøy kommune auka tildelinga av løyve i fjor som følgje av endring av minsteareal. Òg i år er det gjeve mange løyve. Kommunen ser no trong for å ha moglegheit til å vurdere resultatane frå årets jakt sesong før det vert gitt fleire ekstra løyve. Tilbodet om fri kalveskyting inneber i og for seg også høve til å skyte ekstra dyr.

Når det særskild gjeld endring av løyve på alder og kjønn ved retta tildeling, har vi vurdert dette med grunnlag i kravet til særlege høve i hjorteviltforskrifta § 18 med kommentarar i rettleiaren. Det vert vist til Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 18 med kommentarar (rettleiar M-478 s. 28). Med tilvising til dei moment som er peikt på ovanfor, finn kommunen ikkje grunnlag for å fråvike hjorteviltforskrifta § 18 sine føringar om fordeling på kjønn og alder ved retta tildeling.

Beste helsing

**Tore Johan Erstad**

Leiar, Teknisk forvaltning og plan



 40 28 65 56

 [osteroy.kommune.no](http://osteroy.kommune.no)

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;  
All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*